

Norsk filminstitutt
Dronningens gate 16
0152 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
25/735-2/ASV

Dato
08.09.2025

Høyrings svar - forslag om ny marknadsordning for spel og innføring av nytt språkkrav

Språkrådet viser til høyringsnotatet Forslag om ny marknadsordning for spel og innføring av nytt språkkrav frå Norsk filminstitutt (NFI), dagsett 23. juni med saksnummer 25/1853.

Dette høyrings svaret gjeld NFI sitt forslag om å innføra krav om norsk (bokmål og/eller nynorsk) og samisk teksting for spel som mottek tilskot til utvikling. Sjølve marknadsordninga tek Språkrådet ikkje stilling til.

Bakgrunn

Språkrådet er statens forvaltingsorgan i språkspørsmål og følger opp språkpolitikken som er fastsett i Prop. 108 L (2019–2020) Lov om språk (språklova).

Lova gir det offentlege eit ansvar for å bruka, utvikla og styrka bokmål, nynorsk og dei samiske språka og eit særleg ansvar for å fremma nynorsk, som er det minst brukte skriftspråket. Det betyr at situasjonen til nynorsk skal vurderast særskilt i politikktvikling.

Merknad om krav til teksting i utviklingsordninga

I den gjeldande spelforskrifta finst det språkkrav i vilkåra for å få lanseringsstøtte, jf. «[d]ataspill som mottar lanseringstilskudd etter dette kapittel skal gjeres tilgjengelig med tekst på norsk (bokmål og/eller nynorsk) eller samisk i Norge» (Forskrift om tilskot til utvikling, lansering og formidling av dataspel (spillforskriften), § 3-6). Språkrådet har merkt seg at det ikkje finst tilsvarende språkkrav i utviklingsordninga, og stør tilrådinga frå NFI om å krevja tekst på norsk eller samiske språk i dei spela det vert gitt utviklingstilskot til. Men det bør

presiserast tydeleg at kravet gjeld både nynorsk og bokmål. I utkastet til endringsforskrifta frå NFI står det berre «tekst på norsk eller samisk». Difor foreslår Språkrådet denne ordlyden i § 3-6. Teksting og universell utforming:

«Teksting og universell utforming. Dataspill som mottar tilskudd etter dette kapittel skal gjerest tilgjengelig med tekst på norsk (bokmål og/eller nynorsk) eller et av de samiske språka i Norge.»

Merknad om ytterlegare språkkrav

Tiltak for å fremma nynorsk

Eit av måla i dataspelstrategien til regjeringa er å styrka norsk og samiske språk, mellom anna gjennom tilskotsordningane for utvikling og lansering av dataspel. I dataspelstrategien slår regjeringa fast at «[n]ynorsk og bokmål skal være likestilte språk, og som det minst brukte skriftspråket skal nynorsk fremmes og sikres gode vilkår». Dette er i tråd med språklova, som gir offentlege organ ansvar for å bruka, utvikla og styrka dei norske skriftspråka, og for å fremma nynorsk særskilt. Det er altså NFI som har det lovfesta språkpolitiske sektoransvaret for å styrka nynorsk i dataspel.

Språklova gir offentlege organ ansvar for å bruka, utvikla og styrka både bokmål og nynorsk og eit særskilt ansvar for å fremma nynorsk. Etter det Språkrådet kjenner til, er det nynorsk tekst berre i nokre få av dei spela som det er gitt lanseringstilskot til. Dersom tilskotsordningane til utvikling og lansering av spel skal sikra gode vilkår for nynorsk, er det altså ikkje nok å stilla krav om teksting på bokmål eller nynorsk.

Språkrådet oppmodar difor NFI om å utvikla tiltak for nynorsk innanfor sitt sektorområde. Dette ansvaret er forankra i språkpolitikken, som slår fast at det skal takast særskilt omsyn til nynorsk. Språkrådet ber difor NFI om å konkret vurdera korleis dei skal setta i verk tiltak som fremmar nynorsk innanfor sitt sektorområde. Språkrådet bidrar gjerne i arbeidet.

Dataspel som kulturuttrykk for barn og unge

I dataspelstrategien Tid for spill vert det lagt vekt på dataspel som eit viktig kulturprodukt for barn og unge. Meld. St. 18 (2020–2021) Oppleve, skape, dele – kunst og kultur for, med og av barn og unge slår også fast at ein av dei viktigaste språkarenaene til barn og unge er kultur- og mediefeltet. Eit av måla i kulturpolitikken er eit «fritt og uavhengig kulturliv som styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar» (Meld. St. 8 (2018–2019) Kulturens kraft – kulturpolitikk for framtida). Spelpolitikken må leggja til rette for å utvikla fleire norskspråklege dataspel og auka bruken av dei, fordi norsk språk står særleg svakt på nettopp dette feltet. Det er viktig at barn i Noreg har gode språklege

førebilete i digitale medium, for dei brukar store delar av fritida si på dataspel og framfor skjermen i det heile. Så godt som alle barn mellom 7 og 14 år (96 prosent) spelar dataspel, kjem det fram i rapporten I strømmen av innhald som NFI la fram hausten 2023. Ifølge rapporten er dataspel den føretrekte fritidsaktiviteten til barn mellom 7 og 14 år. Rapporten viser mellom anna at frå 10-årsalderen føretrekker barn spel på engelsk framfor spel på norsk. Difor er det viktig at dei kulturpolitiske verkemidla som skal fremma produksjon av innhald for barn og unge, òg legg til rette for at dei skal få møta sitt eige språk når dei brukar produkta, anten det er bokmål, nynorsk eller samiske språk.

Kjelder

Norsk filminstitutt. 2023. I strømmen av innhold. 7-14-åringers forhold til filmer, serier og spill. Rapport 2023. <https://www.nfi.no/om-oss/analyse-og-rapporter/i-strommen-av-innhald>

Forskrift om tilskudd til utvikling, lansering og formidling av dataspill (spillforskriften) (FOR-2021-02-23-557). <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-02-23-557> Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-02-23-557>

Meld. St. 18 (2020-2021) Oppleve, skape, dele – kunst og kultur for, med og av barn og unge (barnekulturmeldinga). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/>

Tid for spill – regjeringens dataspillstrategi 2024-2026 (dataspillstrategien). Kultur- og likestillingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tid-for-spill-regjeringens-dataspillstrategi-2024-2026/id3018409/>

Vennleg helsing
Nina Teigland
avdelingsdirektør

Annvor Seim Vestrheim
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Norsk filminstitutt Dronningens gate 0152 OSLO
16